



Org nr: 983 09 1539 MVA

Hella 60

5936 Manger

Mob Marius: 995 46 989 Mob Arne Kjetil: 920 86 035

Følgjebrev for søknad om ferdigattest Gnr: 443 Bnr: 4 m.fl.

Det er tidligere gjeve mellombels bruksløyve for: veg, parkering samt 5 av nausta; naustrekka med 2 naust mot nordaust og rekkja med 3 naust i midten.

Det søkjast no om ferdigattest for heile tiltaket.

Dette gjeld i tillegg til det som er nemnt over:

Kai, flytebyggje samt dei 3 siste nausta (rekkje mot sørvest)

Vest Oppmåling AS har i sin samsvarserklæring stadfesta følgjande:

«Firma Vest Oppmåling vart nedlagt i 2020. All måling og dokumentasjon vart utført før dette. Måling viser små avvik på kai.»

Når det gjeld «små avvik på kai» er dette forklart og tatt omsyn til under.

Det er føreteke ein synfaring av kommunen i forbindelse med melding om mogleg avvik mellom godkjent tiltak og utført tiltak.

Denne har saksnr: 20/13353 (vedlegg F2-3)

Når det gjeld forlenging av kai mot sør-vest er dette delvis tilbakeført og vil bli søkt om som ein eigen sak i etterkant av ferdigattest.

Kai lengde utover det som er godkjent er såleis ikkje ein del av denne ferdigattesten.

Når det gjeld differansen i høgde på felles kaifront:

Alle naust har tilnærma same innkøyringshøgde i bakkant.

5 av nausta (rekkja med 2 mot nordaust og rekkja med 3 i midten) har golv som er støypet med fall frå bakkant, til og med kaifront, mens dei 3 siste har flatare golv i nausta.

I tillegg har dei 3 sistnemnte og tredekke over kaien, noko som naturleg gjer att fall på kai her er retta i tredekke.

Dette kjem og fram i bilete frå synfaring.

Det heile dreier seg om 2 forskjellige val av kaidekker og fall løysing, noko ein tenkjer vil vere opp til kvar enkelt og som ikkje råker andre enn dei sjølve.

Kan såleis ikkje sjå att det skal vere naudsynt med endringsmelding, sjølv om det er differanse i høgde, då spesielt yst på kaifront.

Når det gjeld spørsmål rundt tilgjengelegheit/tilkomst er det no laga ein rampe omkring der det på bilete frå synfaring var ei trapp, såleis er ikkje dette noko utfordring.

Vonar att de er einige med oss, og att ein såleis kan lukke sak ifbm. synfaring med dessa svara.

Ein vel å søkje om forlenging av kai som ein eigen sak for å gjere det ryddigast mogleg.

Dette er no ein stor sak som involverer mange personar og -tiltak, det er og høgt konfliktnivå.

Hadde vore fint å få avslutta saka.

Sandane 22.09.2021

Med vennleg helsing

Ansvarleg søkar

Marius Tenden for Hammar-Kameratane AS